



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/13	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 15/13	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for bygginga av Trolleholselva kraftverk		2013/1592
ST 16/13	Stølsheimen landskapsvernområde - Utbetring av DNT-stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane.		2012/3055
ST 17/13	Stølsheimen landskapsvernområde - landing med helikopter i samband med steinsetting av deler av stien frå Stølsvatnet til Solrenningane		2013/2150
DS 2/13	Stølsheimen landskapsvernområde - Løyve til bruk av snøskuter til Mørkves-Grøndalen		2013/334
RS 2/13	Stølsheimen landskapsvernområde - nytt tak på Finnabotten gård		2012/2404

Orienteringssaker:

### **Revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde.**

Fyrste utkast til planen vert presentert på møte. Forvaltar har lagt fram arbeidet med forvaltningsplan i møte til Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd, og i møte med Destinasjon Voss.

For å få ein god planprosess og god involvering av brukargruppene i planarbeidet, meinte styret planprosessen bør utvidast med eit år. Planen skal vera ferdig innan februar 2015.

Planen vart lagt fram i dialogmøte med fagleg rådgjevande utval 23. mai. Fagleg rådgjevande utval og styret diskuterte planen og kom med innspel. Sekretær tek innspela med i planen vidare.

**Nytt møte i Stølsheimen verneområdestyre vert 18. juni på Voss.**

Arkivsaksnr: 2013/1592-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 26.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	15/13	23.05.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for bygginga av Trolleholselva kraftverk

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad om bygging av inntaksdam i Breidalselva og røyrgatetrase i området som ligg innan for Stølsheimen landskapsvernomsråde. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. IV nr. 1 og naturmangfaldlova § 48.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2013

#### Handsaming i møte

Styret diskuterte saka. Styremedlem Oddvar Østerbø la fram framlegg til nytt vedtak i møte med framlegg om å tilrå utbygging av Breidalselva:

*«Stølsheimen verneområdestyret tilrår utbygging i tråd med søknaden om bygging av inntaksdam i Breidalselva i grensa til Stølsheimen landskapsvernomsråde med eit vasspeil som strekkjer seg om lag 10 m inn i verneområdet.*

- ✓ *Utbygging av småkraft er ei nasjonal satsing på miljøvenleg energi, og dette småkraftverket er eit slikt, som også vil få tildelt grøne sertifikat.*
- ✓ *Ei positiv tilråding vil ikkje gje presedens for andre tiltak i verneområdet.*
- ✓ *Småkraft er ei satsing frå grunneigar i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m.*
- ✓ *Ut frå ei samla vurdering, og at alle tekniske installasjonar ligg i grensa/utanfor verneområdet meiner styret det er rett å gje dispensasjon i høve § 48».*

Styret meinte saka ikkje var godt nok opplyst med tanke på kva verknad tiltaket vil kunne få i verneområdet. Dei bad sekretær ta kontakt med Småkraft AS for å få animasjonsteikning av inntaksdam i Breidalselva som viser tiltaket inne i verneområdet. Styret bad sekretær leggja fram nytt framlegg til vedtak med utgangspunkt i Østerbø sitt framlegg, og nye opplysningar frå Småkraft AS. Saka skal leggjast fram i neste møte i verneområdestyret.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre utset avgjer i saka til møte i verneområdestyret 18. juni 2013. Styret gjer vedtak med utgangspunkt i framlegg til vedtak frå Østerbø, diskusjon i møte og nye opplysningar i saka.

## **Saksopplysningar**

- Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta – Trolleholselva kraftverk, Småkraft AS, 04.04.2013

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Småkraft AS har søkt NVE om konsesjon for å bygge Trolleholselva kraftverk. Området ligg i Ortnevik i Høyanger kommune. Utbyggingsplanane omfattar bygging av inntaksdam i Trolleholselva og Breidalselva på kote 290, med røyrgate ned til kraftstasjonen på kote 155. Røyrgata er planlagt å grave ned. Planlagt inntaksdammen i Trolleholselva med røyrgate og kraftstasjon ligg utanfor Stølsheimen landskapsvernområdet. Planlagt inntak for kraftverket i Breidalselva ligg i grensa til verneområdet, men inntaksdammen vil koma om lag 10 meter inn i verneområdet. Gravinga for dammen vil koma endå lenger inn i området. Ca 15 – 20 høgdemeter nedanfor inntaket gjer elva ein sving inn i verneområdet, på om lag 60 meter. Her vil det verta redusert vannføring ved ei utbygging.

Kraftselskapet opplyser at inntaket i Breidalselva vil gje ca. 2.2 GWh av ein total produksjon på 8,5 GWh. Dei meiner Breidalselva vil vera viktig, og kan vera avgjerande for økonomien i prosjektet, og gjennomføringa av Trolleholselva kraftverk.

Småkraft AS har avtale med 7 grunneigarar i Ortnevik om planlegging og utbygging av Trolleholselva Kraftverk.

Søknaden om bygging av Trolleholselva er behandla av NVE. NVE har gjeve Småkraft AS vassdragskonsesjon til bygging av Trolleholselva kraftverk etter alternativ B. Konsesjon vart gjeve 03.05.13. Viser til vedlagt konsesjonssak for meir detaljar. Alternativ B inneber utbygging av Vesleelva, og ikkje utbygging av Breidalselva. NVE har ikkje behandla søknad om utbygging i Breidalselva. Stølsheimen verneområdestyre må behandla søknaden frå Småkraft AS om utbygging i Breidalselva etter verneforskrifta, før NVE behandlar saka.

*«Formålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep..» jf. verneforskrifta pkt. III. «Alle inngrep eller verksemd som kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av ....anlegg og faste innretingar, ...drenering, og anna form for tørrlegging, ...vassdragsregulering..» jf. pkt. IV nr. 1. Verneforskrifta gjev ikkje opning for denne type aktivitet. Søknad om dispensasjon til vassdragsregulering må behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen pkt. VII i verneforskrifta. Naturmangfaldlova § 48 erstatta den generelle dispensasjonsregelen når den trådte i kraft 19. juni 2009: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig» jf. § 48, fyrste ledd.*

I verneforskrifta pkt. V nr. 15 er det opna for «Gjennomføring av dei to kategori I-prosjekta i samla plan som gjeld overføring frå øvre del av Tuledalen til Åsebotn kraftverk i Modalsvassdraget og bekkeinntak i Stordalen (alt. V2 i Ortnevikvassdraget) i samband med utbygging av Østerbø/Mjølsvik i samsvar med Stortinget sitt vedtak». Overføring av Tuledalen i samband med Åsebotnen Kraftverk er gjennomført. Bekkeinntak i Stordalen er teke ut av konsesjonssøknaden for Østerbø kraftverk. Søknaden er under sluttbehandling i NVE.

## **Vurdering**

Verneområdestyret må vurdere søknaden som ei dispensasjonssak etter naturmangfaldlova § 48. I verneforskrifta er det ikkje gjeve opning for vassdragsregulering utover det som er heimla direkte i forskrifta. Det er høg terskel for og gje dispensasjon med heimel i § 48, og regelen kan ikkje brukast for å utvida ramma som vart trekt opp i vernevedtaket. For og vurdere om tiltaket er av vesentleg samfunnsinteresse, må det vera eit nasjonalt viktig tiltak. Trolleholselva Kraftverk er ei småkraftutbygging som vil gje næringsinntekt til eit privat kraftselskap og grunneigarar i Ortnevik, og kan ikkje reknast som nasjonalt viktig tiltak. I denne saka må det vurderast om tiltaket er i strid med verneformålet, og om det kan påverka verneverdiane nemneverdig jf. § 48 fyrste ledd. Vassdragsreguleringa vil føra til eit nytt teknisk inngrep i landskapsvernområdet. I området der inntaksdammen er planlagt, er det i dag ingen større tekniske inngrep innanfor vernegrensa utan om kulturminne. I formålsparagrafen for verneområdet er eit av måla at området skal kunne nyttast til landbruk. Kraftverksproduksjon er ikkje landbruksdrift, sjølv om det kan gje ekstra inntekter til landbruket.

Inntaksdam i Breidalselva vil gje varig påverknad på landskapet, og vil føre til karakterendring på landskapet. Tiltaket vil i tillegg påverka vasstilførselen i elva rundt 60 meter innanfor landskapsvernområdet.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, og gjennom tidlegare undersøkingar i samband med kategori I-prosjekta i Samla Plan. Det er ikkje funn av raudlistearter i dette området jf. naturbase og Artskart (30.04.13). Kunnskapen om landskapet og verneverdiane er bra i området.

§ 9 Føre-var-prinsippet: I verneforskrifta er formålet å ta vare på eit landskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Tiltaket er eit inngrep som vil påverka landskapet og naturmiljøet i Breidalselva. Det er usikkert kor store verknadane vil vera, og føre-var-prinsippet er difor tillagt vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Vassdragsutbygging gjev belastning på området. Overføring av vatn frå Tuledalen til Åsebotnen Kraftverk er gjennomført, og det har ført til mindre vassføring i dette vassdraget. Tiltaket vil gje auka samla belastning på området. Sjølv om tiltaket isolert sett i Breidalselva har avgrensa negative konsekvensar for verneverdiane, vil saka ha presedens for tilsvarande saker, og kan på sikt vera med å uthula verneformålet.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vassdragsutbygginga er ikkje tilrådd, og difor vert dette punktet vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.

§ 12 Miljoforsvarleg teknikkar og driftsmetode: Vassdragsutbygginga er ikkje tilrådd, og difor vert dette punktet vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.

### **Konklusjon:**

Forvaltar meiner det omsøkte tiltaket er i strid med vernevedtaket sitt føremål og vil påverke verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gje dispensasjon etter § 48 er difor ikkje oppfylt. På denne bakgrunn rår forvaltar til at det gjeve avslag på søknaden om vasskraftregulering i Breidalselva.

Arkivsaksnr: 2012/3055-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 30.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	16/13	23.05.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - Utbetring av DNT-stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane.

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen Turlag løyve til:

- Å utbeta DNT-stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane, med å leggja stein og plank på vanskelege parti av stien.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår for utbetring av stien:

- Stien skal fylgja eksisterande sti-trase.
- Det skal berre leggjast plank og stein på stien for å førebyggja erosjon på dei våtaste partia av stien.
- Arbeidet skal gjennomførast med minst mogleg inngrep i terrenget.
- Arbeidet skal utførast med utan maskinelt arbeid.
- Det skal leggjast stein der det er mest hensiktsmessing, og plank der det ikkje høver med stein.
- SNO v/naturoppsyn Nils Kvamme skal ha oppsyn med arbeidet.
- Bergen Turlag er ansvarleg for gjennomføringa av arbeidet, og vedlikehald av stien. Grunneigarane i området skal haldast orientert om arbeidet.
- Før arbeidet kan sluttgodkjennast, skal verneområdeforvaltar vera med på synfaring av arbeidet i terrenget.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta.

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2013**

## Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen Turlag løyve til:

- Å utbetra DNT-stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane, med å leggja stein og plank på vanskelege parti av stien.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår for utbetring av stien:

- Stien skal fylgja eksisterande sti-trase.
- Det skal berre leggjast plank og stein på stien for å førebyggja erosjon på dei våtaste partia av stien.
- Arbeidet skal gjennomførast med minst mogleg inngrep i terrenget.
- Arbeidet skal utførast med utan maskinelt arbeid.
- Det skal leggjast stein der det er mest hensiktsmessing, og plank der det ikkje høver med stein.
- SNO v/naturoppsyn Nils Kvamme skal ha oppsyn med arbeidet.
- Bergen Turlag er ansvarleg for gjennomføringa av arbeidet, og vedlikehald av stien. Grunneigarane i området skal haldast orientert om arbeidet.
- Før arbeidet kan sluttgodkjennast, skal verneområdeforvaltar vera med på synfaring av arbeidet i terrenget.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Notat frå synfaring på sti frå Steinslandsstølen til Solrenningane 28.06.2012
- Notat frå møte med Bergen Turlag 08.12.2012

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Stien frå Steinslandsstølen til Solrenningane ligg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde, og er ein T-merka sti som vert vedlikehalde av Bergen Turlag. Området er myrlendt med mange våte parti. Vegetasjonstypen har låg tålegrense for trakk, og slitasje i terrenget er eit problem. Området vert mykje nytta av turgåarar. Tilrettelegging for og kanalisera ferdsel har difor vore eit viktig tiltak for å avgrensa vidare erosjon og skade på natur og landskap. I Solrenningane har Bergen Turlag ei turistforeiningshytta som vert besøkt av om lag 1000 personar årleg. Stor del av besøket er i sommarhalvåret. Store deler av stien er i dag tilrettelagd for ferdsel med utlegging av treplank og stein. Denne tilrettelegginga treng årvisst vedlikehald, noko som er ivareteke av Bergen Turlag. Tilrettelegging av denne stien er omtalt i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde (rapport nr. 3 1998).



Hausten 2011 starta Bergen Turlag arbeidet med steinlegging av parti av turstien frå Stølsvatnet til Solrenningane. Arbeidet vart utført av napalesiske steinmurarar, og i samråd med SNO v/Nils Kvamme. Tiltaket vart støtta av midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2011, og verneområdestyret brukte tiltaksmidlar på arbeidet i 2012. Bergen Turlag, grunneigarar, SNO og verneområdeforvaltar var på synfaring i juni 2012. Under synfaringa vart det peika ut områder der gamal plank skulle bytast ut med ny impregnert plank eller stein, og områder der det var trong for ny tilrettelegging med plank eller stein. Arbeidet med steinlegging vart gjort av napalesiske steinmurarar, og vart fylgt opp av SNO v/naturoppsyn Nils Kvamme og Bergen Turlag. Det vart nytta stein i terrenget der det var mogleg utan å gjera større inngrep i terrenget. I tillegg vart det transportert inn stein frå Steinslandsvatnet utan for verneområdet. Området steinen vart henta frå er eit område som er nytta til steinuttak, og i samråd med grunneigar og Modalen kommune. Verneområdestyret gav løyve til transporten i sak 23/12.

Tilrettelegging av stien med plank eller stein skal avgrenast til det som er naudsynt for ferdsel for enkelt friluftsliv. Det er ikkje nok lokal stein til steinarbeidet, og det må difor fraktast inn stein frå same område som i fjor til resten av stien. Denne steinen vart pakka i sekker i fjor haust, og er planlagt og fraktast inn med helikopter når arbeidet kan starta opp i juni.

I verneforskrifta for Stølsheimen er alle inngrep som kan endra landskapets art eller karakter forbode jf. pkt. IV nr. 1. Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av merka turstiar jf. pkt. V nr. 6. Verneområdestyret kan på nærare vilkår gje løyve til «*Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar m.m.*» jf. pkt. VI nr. 5.

## **Vurdering**

Formålsparagrafen pkt. III i verneforskrifta seier: «*Formålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap...samtidig som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske*». Bruk av området til landbruk og friluftsliv er innanfor formålet til verneområdet, og reglane opnar for tilrettelegginga for ferdsel. DNT-stien frå Stølsdammen til Solrenningane har vore klopplagt med plank, og vedlikehaldsarbeidet kan gjennomførast utan å søkja verneområdestyret. Men når mykje av planken vert bytt ut med stein, vil det medføra større arbeid enn vanleg vedlikehald, og tiltaket er difor lagt fram som sak for verneområdestyret.

Forvaltar vurderer tiltaket som bra for å ta vare på naturmiljøet, og legg til rette for bruk av stien både som stølsveg og tursti for enkelt friluftsliv. Tiltaket vert vurdert til å vera i tråd med verneformålet og er innan for det som verneområdestyret kan gje løyve til.

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom rapporten nr. 3 1998, forvaltningsplan for Stølsheimen, og synfaringar i området. Gjennom mange år med legging tre-plank på stien til Solrenningane er det opparbeidd mykje erfaring med dette arbeidet. Kunnskapen om området og tiltaket vert vurdert som god.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Då kunnskapen om området og tiltaket er god, vert føre-var-prinsippet tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Stien som går gjennom myrlendt terreng gjev belastning på naturmiljøet. Steinlegging og klopper vil avgrensa slitasjonen

på terrenget, og gjer det enklare å ferdast på stien. Stien har vore klopplagt i mange år, og dette tiltaket vil difor ikkje føra til auka belastning på økosystemet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Arbeidet med steinlegging og klopplegging vil medføra sår i landskapet i sti-traseen og i området der det vert henta stein. Desse sår vil vera midlertidig medan arbeidet pågår, og vil gro med åra. Bergen Turlag er ansvarleg for og fjerna avfall i samband med arbeidet, og sjå til at arbeidet vert utført på ein skånsam måte. Eventuelle kostnader som fører til miljøforringing som fylgje av tiltaket skal berast av tiltakshavar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Arbeidet skal gjennomførast manuelt, og er planlagt med minst mogleg inngrep i terrenget. Arbeidsmetoden er vurdert som god for og utbetra stien, og er skånsam for naturen.

### **Konklusjon:**

På bakgrunn av samla vurdering rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til å utbetra stien.

Arkivsaksnr: 2013/2150-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 15.05.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	17/13	23.05.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - landing med helikopter i samband med steinsetting av deler av stien frå Stølsvatnet til Solrenningane

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landa med helikopter langs stien frå fylkesgrensa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane til Solrenningane, og på Solrenningane for å transportera stein til stien, og transportera utstyr til arbeidet.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Landinga skal føregå i tida frå 10. juni til 10. august 2013.
- Det vert gjeve løyve til inntil 70 landingar. Flyginga skal så langt som mogleg gjennomførast på to dagar.
- Der det er mogleg skal utskifta materiale sendast med helikopteret på tilbaketuren.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Det skal gjevast melding til SNO v/ naturoppsyn Nils Kvamme (mobilnr. 95730615) seinast dagen før transporten skal føregå.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport
- Det skal sendast rapport om tal landingar og kva tid transporten vart gjennomført til sekretariatet innan 30.11.13.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå aktuelle grunneigarar og kommunane Modalen og Høyanger.

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2013**

## **Handsaming i møte.**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

### **Innstilling frå forvaltar**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen Turlag løyve til:

- Landa med helikopter langs stien frå fylkesgrensa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane til Solrenningane, og på Solrenningane for å transportera stein til stien, og transportera utstyr til arbeidet.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Landinga skal føregå i tida frå 10. juni til 10. august 2013.
- Det vert gjeve løyve til inntil 70 landingar. Flyginga skal så langt som mogleg gjennomførast på to dagar.
- Der det er mogleg skal utskifta materiale sendast med helikopteret på tilbaketuren.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Det skal gjevast melding til SNO v/ naturoppsyn Nils Kvamme (mobilnr. 95730615) seinast dagen før transporten skal føregå.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport
- Det skal sendast rapport om tal landingar og kva tid transporten vart gjennomført til sekretariatet innan 30.11.13.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå aktuelle grunneigarar og kommunane Modalen og Høyanger.

## **Saksopplysningar**

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til helikoptertransport frå Bergen Turlag, datert 14.05.2013.
- Notat frå møte med Bergen Turlag 08.12.2012

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde 1998
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009

Hausten 2011 starta Bergen Turlag arbeidet med steinlegging av parti av turstien frå Stølsvatnet til Solrenningane. Arbeidet vart utført av napalesiske steinmurarar, og i samråd med SNO v/Nils Kvamme. Bergen Turlag, grunneigarar, SNO og verneområdeforvaltar var på synfaring i juni 2012. Under synfaringa vart det peika ut områder der gamal plank skulle bytast ut med ny impregnert plank eller stein, og områder der det var trong for ny tilrettelegging med plank eller stein. Arbeidet med steinlegging vart gjort av napalesiske steinmurarar, og vart fylgt opp av SNO

v/naturoppsyn Nils Kvamme og Bergen Turlag. Det vart nytta stein i terrenget der det var mogleg utan å gjera større inngrep i terrenget. I tillegg vart det transportert inn stein frå Steinslandsvatnet utan for verneområdet. Området steinen vart henta frå er eit område som er nytta til steinuttak, og i samråd med grunneigar og Modalen kommune. Verneområdestyret gav løyve til transporten i sak 23/12.

Det er ikkje nok lokal stein til stien vidare frå fylkesgrensa til Solrenningane, og det må difor fraktast inn stein frå same område som i fjor til resten av stien. Denne steinen vart pakka i sekker i fjor haust, og er planlagt og fraktast inn med helikopter når arbeidet kan starta opp i juni. Steinen og materiale skal leggjast ut langs stien frå fylkesgrensa til Solrenningshytta til Bergen Turlag. Bergen Turlag søker om 70 hiv på to dagar i tidsrommet 10. juni til 10. august i år. Flyginga er avhengig av veret og kor fort arbeidet med steinlegging går. Bergen Turlag søker difor om å kunne vera fleksibel på kva dagar som vert nytta i perioden det vert søkt om. Dersom det er mogleg, vil dei få frakta ut gamal og utskifta materiale på returen siste flygedag.

## **Vurdering**

I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er motorferdsel på land og innsjøar, og landing med luftfartøy forbode jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til bruk av naudsynt transport av materiale og utstyr i samband med bygging jf. pkt. VI nr. 6. Forvaltar vurderer transport av stein til steinsetting av stien som naudsynt transport for å gjennomføra tiltaket, og meiner det kan gjevast løyve til transporten etter verneforskrifta.

Forvaltar vurderer søknaden slik etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom rapporten nr. 3 1998, forvaltningsplan for Stølsheimen, og synfaringar i området. Kunnskapen i området vert vurdert som god, og helikoptertransporten vert ikkje vurdert til å ha store negative konsekvensar for verneverdiane.

§ 9 Førre-var-prinsippet: Då kunnskapen om området er god, vert førre-var-prinsippet tillagt liten vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Det er i utgangspunktet viktig for verneområdestyret å ta omsyn til dei strenge reglane i høve til motorferdsel. Forvaltar meiner om søkt bruk av helikopter for transport av stein til turstien vil vera den mest skånsame metoden for transport inn i verneområde, og vil berre medføra belastning på området i ein avgrensa periode. Helikopterturane skal avgrensast til det som er naudsynt.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar utover den tida den på går.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Helikoptertransport vert vurdert som den beste måten og frakta stein inn i området på, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet.

## **Konklusjon:**

På bakgrunn av samla vurdering rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til helikoptertransport i samsvar med søknad.